

SLUTTRAPPORT

for prosjektet

Nærinett – Næringslivsinformasjon i nettverk 2001-2003
www.narinett.no

Frå Hordaland fylkeskommune v/ Hordaland fylkesbibliotek og Europakontoret

Kontaktperson: Marit Einen, Europakontoret

Telefon: 55 23 95 40, marit.einen@hordaland-f.kommune.no

Bergen - Juli 2004

Nærinettprosjektet i Hordaland 2001-2003

Samandrag

Initiativet til prosjektet Nærinett blei teke av Europakontoret i Hordaland fylkeskommune. Prosjektet har prøvd ut formidling av Europa-informasjon til bedrifter i ni kommunar i Hordaland via kommunal næringsansvarleg og biblioteksjef (kommunalt knutepunkt). Nyhetsbrevet Nærinytt www.narinytt.no er sendt ut frå Europakontoret annakvar veke. Dei lokale knutepunkta (biblioteksjef og næringsssjef) har valgt ut og vidareformidla informasjon tilpassa bedriftene i dei einsskilte kommunane. Informasjonsutsendinga har foregått via bedriftsdaten Vestnett www.vestnett.no, som er vedlikehalden av deltakerkommunane og Europakontoret.

Pr. juni 2004 er alle deltakerkommunane fortsatt i gang med informasjonsutsending. Prosjektet blei evaluert ved årsskiftet 2003/2004.

Resultata frå evalueringa har styrkja oss i trua på at Nærinett-tenesta "gjer ein forskjell".

1. Innleiing: Bakgrunn og mål for prosjektet

I 1996 vart Nærdokprosjektet sett i gang som Hordaland fylkeskommune sitt prosjekt for informasjons- og dokumentasjonstenester til næringslivet - og var ein oppfølging av tiltak i «Fylkesdelplan for biblioteka i Hordaland 1994-97». Ei bibliotekarstilling vart lagt til fylkeskommunen sitt nyleg oppretta Europakontor. For å sikre kvaliteten i arbeidet inngjekk fylkeskommunen ein samarbeidsavtale med Europeisk dokumentasjonssenter (EDC) ved Universitetet i Bergen. Bibliotekar og bedriftsrådgjevar på Europakontoret satsa etterkvart på proaktiv informasjonsutsending til næringsliv og offentleg administrasjon. For å gjere tenesta betre, var det behov for eit servicepunkt nærare kundane, som hadde lokalkompetanse og kunnskap om næringsliv og informasjonsbehandling.

Forprosjekt:

Kursing av biblioteksjefar og næringsssjefar

I 1999-2000 gjennomførte Europakontoret felles kurs i EU/EØS-informasjon for biblioteksjefar og næringsssjefar i kommunane i Hordaland, finansiert av nevnte bibliotekplan. Oppslutninga om kursa var god. Det kom i alt deltakarar frå 17 kommunar, frå 8 kommunar møtte både biblioteksjef og næringsssjef. Målsettinga var å knyte den lokale næringslivskunnskapen med kunnskap om informasjonsbehandling i kommunane, auke EU/EØS-kompetansen og styrkje og betre det proaktive informasjonsarbeidet mot lokalt næringsliv. Erfaring frå Europakontoret hadde vist at samarbeid mellom bibliotekar og bedriftsrådgiver var eit godt utgangspunkt for informasjonstenester mot næringslivet. Erfaringane frå prøveprosjektet var så gode at vi ønskte å vidareutvikle dette tenestetilbodet i eit større regionalt-kommunalt nettverksprosjekt.

Kritiske faktorar i ei vidareutvikling over i ein prosjektfase ville bli:

- Samarbeid mellom biblioteksjef og næringsssjef lokalt
- Nok tidsressursar til biblioteket til å utføre informasjonsarbeidet.
- Informasjonsovervaking og -utsending og fagleg rådgjeving frå Europakontoret
- Utvikling av tilpassa kommunikasjonsverktøy – Bedriftsdaten Vestnett

Prosjektets viktigaste mål

På prosjektet si heimeside www.narinett.no er formålet beskrevet slik:


”Målsettinga er å skape konkurransedyktige næringsmiljø ved at kommunane opprettar ei førstelineteneste med proaktiv formidling av EU/EØS-informasjon til lokalt næringsliv og kommunal administrasjon. Tidleg varsling om komande regelverk, formidling av EU-program som reiskap i innovasjonsarbeidet og spreing av bedriftspartnersøk er døme på viktige tema.

Gjennom prosjektet ønskjer vi og å styrkje folkebiblioteka/kommunane si rolle som informasjonsknutepunkt for EU/EØS-informasjon...”

Det var og ei målsetting å sjå på modellar for permanent drift av ei informasjonsteneste til næringslivet frå biblioteket.

2. Oppnådde resultat

I løpet av prosjektperioden er det bygd ut ein samarbeidsstruktur mellom Europakontoret i Hordaland fylkeskommune og 9 deltakarkommunar, og mellom kommunane (knutepunkta) og lokale bedrifter.



Figur 1: Modell av strukturen og informasjonsflyten i Nærinett – (SMB står for Small and Medium sized Enterprises).

Prosjektet har sett i gang desse aktivitetane:

1) Overvaking av nyheiter på Europakontoret

Europakontoret overvakar og plukkar ut relevante EU/EØS-nyheiter som kontoret publiserar i nyheitsbrevet Nærinytt www.narinytt.no annankvar veke. Nærinytt er blitt utvikla i løpet av prosjektperioden.

2) Utsending av nyheiter til bedriftene – frå dei lokale knutepunkta

Knutepunkta sender regelmessig ut nyheiter til det lokale næringslivet. Med sin lokalkunnskap plukkar dei ut nyheiter frå Nærinytt og målretta informasjonen vidare til lokale bedrifter. I nokon grad sender og knutepunkta med eigne nyheiter. Arbeidet har vore ulikt organisert i dei einskilte kommunane. Biblioteksjef og næringsjef har i nokre kommunar regelmessige møte der dei velgjer ut nyheiter, i andre kommunar har biblioteksjef og næringsjef telefonmøte og/eller biblioteksjefen

brukar næringsssjefen som rådgjevar når ho er i tvil. Kun biblioteka har fått midlar til frikjøp av personale til å gjere utsendingsjobben og har difor stort sett stått for utsendingane. Stikkprøvar frå våren 2003 viste at det blei sendt ut 10796 nyheitseiningar til bedrifter i Nærinettkommunar over ein periode på 26 veker (13 nyheitsbrev).

3) Bedriftsbesøk

Knutepunkta har saman med Europakontoret gjennomført mellom 4- 8 bedriftsbesøk i dei 9 deltakarkommunane. Desse besøka har vore særst viktige for prosjektet. Dei har virka motiverande for arbeidet og skapt interesse og fagleg tryggleik hjå dei lokale knutepunkta. Nettverket veit no meir om informasjonsbehova og har fått ny næringslivskompetanse. Det personlege møtet med bedriftene har skapt gjensidig tillitt og interesse.

Evalueringa bekreftar at dei bedriftene som har hatt besøk av knutepunkta, er markant meir nøgde med tenesta enn dei som ikkje har hatt besøk. Her nokre tal frå evalueringsrapporten s. 18: ”Tabell 8. Andelen bedrifter som er entydig positive til en del kvalitetsdimensjoner, målt mot besøk/ikke besøk fra Nærinett”

	Mottatt besøk %	Ikke-besøk %
Nyhetene er relevante	26	7
Nyhetene er forståelige og lette å bruke	61	55
Servicen er god	78	36
Knutepunktene er meget kompetente	57	39

Vi ser at besøk slår sterkt ut. Særlig stor er forskjellen med hensyn til andelen som vurderer nyhetene som relevante. Andelen som vurderer nyhetene som relevante er nesten fire ganger så høy blant de bedriftene som har mottatt besøk sammenlignet med de som ikke har fått slikt besøk.”

4) Registrering av bedrifter i Vestnett

Vestnett www.vestnett.no har i løpet av prosjektperioden utvikla seg til både å vere eit særst godt kommunikasjonsvertøy og ein bedriftsdatabase. Knutepunkta og Europakontoret har registrert nye bedrifter og oppdatert opplysningar i basen. Pr juni 2004 ligg det ca 500 bedrifter frå Nærinettkommunar i basen. Totalt har basen pr juni 2004, 1500 bedrifter. Det har vore eit krav at alle innlagte bedrifter skal ha ein kontaktperson som har sagt ja til å motta nyheiter frå Nærinett. Difor har alle bedriftene som eit minimum blitt kontakta over telefon, oftest av Nærinettbiblioteka.

5) Entreprenørar i biblioteket

Kvam folkebibliotek har i samarbeid med den lokale representanten som arbeider med entreprenørkurs, sett i gang ei førstelineteneste på biblioteket. Der kan ”nystartarane” få informasjon om kor dei finn nødvendige dokument, dei kan låne støttelitteratur, bruke biblioteket som møteplass og få veiledning om kor dei kan henvende seg for å få meir informasjon. Kompetansen på biblioteket og ikkje minst dei utvida opningstidene i høve til andre kommunale etatar, gjer at kommunen med bruk av biblioteket, kan yte ein mykje betre service ovanfor denne brukargruppen. I ei vidare drift av Nærinett er denne typen teneste interessant for fleire av deltakarbiblioteka.

3. Vurdering mot oppsette mål

-Ei viktig målsetting med prosjektet var at Europakontoret ville forbetre kvaliteten på nyheitsutsendinga ved å knyte seg til samarbeidspartnarar som var nærare bedriftene. Nærleik og lokalkompetanse var viktige stikkord. Difor var opprettinga av dei lokale knutepunkta mellom biblioteksjef og næringsansvarleg sjølve kjernen i prosjektet. Knutepunkta si felles kompetanse innan næringsliv og informasjonshandtering har vore grunnlaget for at vi gjekk i gang med og trudde på prosjektet. Samarbeidet mellom bibliotekar og lokal næringsansvarleg har fungert ulikt frå kommune til kommune og har vore ulikt organisert. Prosjektet har i alle deltakarkommunane ført til eit tettare samarbeid mellom dei to etatene, og på andre felt enn informasjonsutsending. Evalueringa viser at dei lokale knutepunktene har fungert og at koblinga mellom næringsssjef og biblioteksjef har hatt

synergieffektar og utvida biblioteka sin plattform. Deltakarar som har slutta i stillingane sine har vist at Nærinettarbeidet er sårbart og bør forankrast sterkt i kommuneleiinga.

-Evalueringa bekreftar det vi trudde at nærleiksprinsippet er særst viktig. Dei bedriftene som har hatt besøk av knutepunkta, er markant meir nøgde med tenesta enn dei som ikkje har hatt besøk.

-Det er sjølvsagt vanskeleg å måle om prosjektet har hatt betydning for bedriftene si konkurransevne. Vi veit at det å vere informert og oppdatert om EU og EØS-spørsmål er viktig, og informasjonstjenester som legg til rette for ei slik oppdatering er såleis viktige. Evalueringa syner at ein stor andel av bedriftene framhever at Nærinett bidrar til dette. Dette er eit interessant og viktig funn. Så mange som 67% av bedriftene ser gjennom nyheitene for å sjå om det er noko av interesse. I evalueringsrapporten står det ”Oppslutningen omkring biblioteket som en naturlig formidler av slik informasjon er egentlig overraskende høy, tatt i betraktning at både for brukerne og for biblioteket selv representerer dette en ny rolle for biblioteket. En av næringsjefene uttalte følgende i det kvalitative intervjuet:

”I utgangspunktet er både kommunen og biblioteket ikkje sett på som innovative. I utgangspunktet har dei ikkje tru på at det vi kan kome med av informasjon er noko”.

...Den høye oppslutningen om biblioteket som formidler av informasjon til næringslivet tyder på at denne næringsjefens negative vurdering ikke er riktig.”

-Europakontoret har som del av informasjonsnettverket utvikla kommunikasjonsverktøy og nyhetsbrev i tett kontakt med deltakarane. Denne konstante brukartestinga har gitt oss enkle og effektive kommunikasjonshjelpemiddel som står på egne bein og vil leve vidare. Eksempel: Bedriftsdatabasen Vestnett www.vestnett.no og nyhetsbrevet Nærinytt www.narinytt.no.

-Knutepunkta opplever Nærinett-arbeidet som relevant kommunal tenesteyting. Alle kommunane seier ved prosjektslutt at dei vil fortsetje med nyheitsutsending til næringslivet. Dette vil dei gjere utan at det blir gitt midlar til ekstra personalressursar. Dei har fått gode rutinar i arbeidet og utsending via Vestnett er rask og enkel. Det er meir usikkert om dei vil fortsetje med registrering av bedrifter i Vestnett utan kompensasjon. I ein av kommunane vil næringsjefen overta arbeidet både med utsending av informasjon og registrering av bedrifter.

-Gjennom evalueringa har vi fått svar på ein del spørsmål om kva det er som bestemmer om informasjon blir lesen eller ikkje. Tillitt til avsendar er veldig viktig, likeiens grensnitt som utforming og språk. Med dette som utgangspunkt kan vi forbetre tenestene våre over i ein driftsfase med Nærinettarbeid.

4. Oppsummering av prosjektarbeidet

Organisering

Organisasjonsstrukturen har vore slik:

-Ein styringsgruppe har vore øverste myndigheit: Prosjektansvarlig, ein politiker fra fylkeskommunen, fylkesbiblioteketsjefen, to representantar frå Europakontoret i fylkeskommunen, ein kommunal biblioteksjef og ein kommunal næringsjef.

-Styringsgruppen har vore leia av prosjektansvarlig, som i det daglege var bindelekk mellom styringsgruppe og projektgruppe, som leia prosjektmøta, og som hadde anvisingsmyndigheit m.v. . Prosjektansvarlig var skule og kultursjef i ein av deltakerkommunane og pga skiftande prosjektleiarar har han fungert som ei viktig samlande eining i prosjektet.

-Prosjektleiar har hatt den daglege leieinga av prosjektet. Dei to første åra kom prosjektleiaren frå ein av deltakerkommunane. Europakontoret har hele tida spilt ein nøkkelrolle i den daglege prosjektleiinga heile tida. Det siste prosjektåret (2003), har prosjektleinga lagt til dette kontoret.

Prosjektmøte i Bergen

Alle deltakarane inkludert styringsgruppa har møtt kvarandre 2-3 gonger kvart år på prosjektmøte i Hordaland fylke sine lokale i Bergen. Med tanke på transport var det enklast for alle partar. På desse møta rapporterte kommunane om framgangen lokalt i prosjektet og la grunnlag for halvtårsmeldingane til Hordaland fylkeskommune. Vi gjorde det på denne måten framfor å krevje skrevne rapportar frå kvar einkild kommune, ut frå stemninga i og ønskje frå prosjektgruppa. Desse møta har hatt fleire dimensjonar. Dei har fungert som teambyggjar i sterk grad og på møta delte vi erfaringar og kompetanse og vi fekk innblikk både i biblioteks- og næringslivsaker.

Møte i styringsgruppa

Styringsgruppa hadde møte i tilknytning til prosjektmøta og ved andre milepelar i prosjektet.

Prosjektleiing:

Prosjektansvarleg: Karl Johan Haugland – Austevoll kommune

Prosjektleiari: 2001-2002: Siv Røynealand – Kvam Kommune

Prosjektleiari: 2003: Marit Einen - Europakontoret, Hordaland fylkeskommune

Styringsgruppe:

Brynjulv Hernes – fylkespolitikar – Hordaland fylkeskommune

Karl Johan Haugland – skule og biblioteksjef - Austevoll kommune

Ruth Ørnholt - fylkesbiblioteksjef – Hordaland fylkesbibliotek

Lars Mjøs – industrikonsulent – Osterøy kommune

Marit Rønnevik – biblioteksjef – Etne kommune

Tore Ryland - bedriftsrådgevar – Europakontoret

Marit Einen – bibliotekar – Europakontoret

Deltakarkommunar:

Kommune	Biblioteksjef	Næringsansvarleg
Askøy	Kjetil Monsen	Roger Granheim
Austevoll	Ågot Eyde	Lars-Erling Horgen
Bømlo	Marianne Hirzel	Aase Lilleskare Lund
Etne	Marit Rønnevik	Elling Hetland
Kvam	Siv Røynealand/Ragna Helene Vestrheim	Jan Tjosås
Lindås	Marit Gro Berge	Ole Jakob Aarland
Osterøy	Bente Dammen	Lars Mjøs
Radøy	Silje Namtvedt	Asbjørn Brandthun
Ulvik	Ingeborg Fære	Agnar Skjønberg

Studietur til Danmark

I februar 2002 reiste heile prosjektgruppa til Danmark og Sverige på studietur. Vi besøkte folkebiblioteka i Århus, Randers, Herning, København og Malmø som alle driv med tenester til næringslivet. Vi var og innom Den sorte diamant – Københavns hovedbibliotek.

Turen var ein stor inspirasjon for vidare arbeid og spesielt i Randers og Malmø ”lærte vi mykje”.

Bibliotekaren ved Erhvervsinformasjon i Randers bibliotek hadde særskild god kontakt med nærings sjefen i kommunen. Det er eit forholdsvis lite bibliotek (ca 60 000 innbyggjarar) og ho hadde byrja i stillinga med å jobbe ei veke ved nærings sjefens kontor. Dei to etatane samarbeidde om marknadsføring av dei kommunale tenestene til næringslivet. Næringslivstenesta ved Malmø bibliotek hadde utvikla seg etterkvart i kontakt med brukarane og var no spesilet retta mot innvandrarar som ville starte eigen bedrift. Dermed var idéen om entreprenørskaps-teneste i biblioteket planta i prosjektgruppa. Noko av det viktigaste med studieturen var at vi fekk ta del i erfaringane frå bibliotek med lang erfaring med næringslivstenester. Prosjektgruppa fekk plassert denne typen teneste inn i bibliotekkvardagen og vi fekk svar på ein del spørsmål: - Kva er mogleg å få til? Kva med personell – kvalifikasjonar og

tildsbruk? Gratis eller betalte tenester? Nettverket vi bygde ut på turren har vært til god nytte for oss og Europakontoret har t.d. brukt Randers bibliotek som samarbeidspart i EU-program.

Gjenvisitt

Ein delegasjon frå Malmø bibliotek og Västre Götalands lensbibliotek var på besøk til Nærinettkommunar i juni 2002.

Kurs/seminar

- Referansekurs med tema Næringslivsinformasjon i samarbeid med Handelshøgskolen i Bergen
- Diverse kurs i handtering av Vestnett og og utsendingsfunksjonen i Nærinytt
- Christian Michelsens Institutt orienterte om Partnersøk (teknologisamarbeid)
- Ein representant frå fylkeskommunen orienterte om regional næringspolitikk
- Entreprenørskapsrepresentanten frå Kvam kommune orienterte om arbeid med entreprenørar og samarbeid med biblioteket.
- Evalueringseminar/avslutningsseminar i mars 2004 der evaluator presenterte resultatet og ein repr. fra Vestlandsforskning leia gruppediskusjonar om framtidig Nærinettarbeid regionalt og internasjonalt.

Sterke sider ved prosjektet

- Lokal forankring
- Kommunalt/regionalt nettverk -
- Kommunalt teamarbeid på tvers av sektorar – positive synergieffektar
- Den felles fagkompetansen i prosjektet – kombinasjon av informasjonskompetanse med næringslivskompetanse
- Teknologiutvikling – med kontinuerleg brukartesting
- Positiv haldning frå omgjevnadene og samarbeidspartnarar.

Svake sider ved prosjektet

- Personavhengig – sårbarheit som i dei fleste prosjekt
- Ingen eller liten tilbakemelding fra bedrifter – dette var heller ikkje venta frå prosjektleiinga si side.

Ikkje planlagde resultat

Det kan vere vanskjeleg å seie kva som ikkje er planlagde resultat. I prosjektet rekna vi med og håpa på positive "ikkje planlagde resultat".Kommunikasjonsteknologien har utvikla seg sterkt på desse 3-4 åra, så frå byrjinga såg vi ikkje for oss publiseringa av nyhetsbrevet Nærinytt Bedriftsdatabasen Vestnett har både blitt eit sentralt kommunikasjonsverktøy og eit bedriftsregister for kommunane.

Det tverretatlege samarbeidet i kommunane har skapt synergieffektar som at biblioteket er med i næringsplanane, og i biblioteksplanane er informasjon til næringslivet eit naturleg og sjølvstøtt tiltak. Europakontoret har i løpet av dei tre åra og sendt ut relevant informasjon

Informasjon

Nærinett har hatt oppslag i lokalpressa både i Hordaland og Sogn & Fjordane. Det er sendt notat til politikarane i fylkeskommunen om prosjektet og det har vore presentert på intranett og vore fleire artiklar i Hordalanytt.

Prosjektet har laga eigen brosjyre på norsk og engelsk. Prosjektet har vore presentert på Gøteborgdagane, på studieturar til Danmark, Sverige, Litauen og Tyskland. Vi sender ut melding om Nærinytt til utvalde avdelingar i Hordaland fylkeskommune.

5. Vidare oppfølging

Utfordringar Evalueringsrapporten anbefalar at Nærinett vidareførast, - med ein del forbettringspunkt. Hovedutfordringa er at vi må målrette informasjonen (informasjonsrelevansen) endå

meir, noko som først og fremst, i følge evalueringsrapportenrapporten, kan oppnåast gjennom auka "nærleik" til bedriftene. Dei som har hatt besøk frå Nærinett er i gjennomsnitt meir nøgde med tenesta, enn dei andre. Det tyder at det personlege møtet ansikt til ansikt er særskild viktig. Når vi som tilbydarar har god kunnskap om brukarane – både om verksemda og arbeidstilhøva generelt, då har mottakarane tillit til at informasjonen dei får tilsendt er relevant og at den har god kvalitet.

Lokalkunnskapen til det lokale knutepunktet er såleis nøkkelen til relevansen i tenesta. Dette er viktige funn som no er dokumentert.

Ei anna utfordring er at Nærinett må forankrast breiare og sterkare i kommunen. Særleg er det viktig for politisk og administrativ støtte for å få til ein permanent ordning med utsending av EU/EØS-informasjon til det lokale næringslivet.

Planlagt framdrift

Europakontoret har fått i oppgåve frå styringsgruppa i Nærinett å spreie Nærinettaktivitet til fleire kommunar i Hordaland. Dette blir finansierte av resterande prosjektmidlar, sjå vedlagt rekneskapsrapport. Kunnskapen frå evalueringa tek vi med oss i vidareutviklinga og vidareføringa av arbeidet. Vi ser for oss ei satsing i 3 trinn:

1. Permanent drift: Vi meiner det er særskild viktig å ta vare på det som er oppnådd i Nærinett-kommunane til no og vil tidleg hausten 2004 ta initiativ til å møte kommunane, med Nærinett-deltakarar, rådmenn, repr. frå næringsråd, evt. andre aktuelle personar, for å sikre breiare støtte til vidare og vonleg permanent drift. Entreprenørskapsteneste kan og vere ei vidareutvikling i fleire av deltakarbiblioteka.

2. Nye Nærinettkommunar: Europakontoret vil ha regionvise informasjonsmøte om Nærinett for å få dei andre kommunane med, helst i samarbeid med utvalde Nærinettkommunar. Dette meiner vi er ein god strategi for å formidle kva tenesta inneber og dei resultatane vi har oppnådd med Nærinett.

3. Vidareutvikle Nærinettmodellen: Hordaland og Sogn & Fjordane fylkeskommunar har saman med prosjektpartnerar frå Kärnten i Østerrike, Thüringen i Tyskland og Kaunas i Litauen fått tilsagn om EU-prosjektet ENABLE – ENabling European Regional Entrepreneurship. Der er stor interesse for Nærinett-modellen hjå partnerskapen. Utlysing av prosjektmidlar er venta i løpet av hausten 2004.

* Evalueringsrapport

Forskningsavdelinga ved Høgskolen i Oslo, Avdeling for journalistikk, bibliotek- og informasjonsfag gjennomførte evaluering av Nærinettprosjektet i november 2003-januar 2004. Metoden som blei brukt var kvalitative intervju med lokale næringsseierar og biblioteksjefer og ein spørreskjemaundersøking til dei bedriftene som har motteke informasjon i prosjektperioden. Sjå vedlagde rapport.

Vedlegg: Nærmere i nett – en analyse av prosjektet Nærinett (2001-2003)
Revisorgodkjend rekneskap frå Austevoll kommune (prosjektansvarleg)
Sluttrapport til Nærinett-prosjektet – kommentar til rekneskap